

NOTAT

Til: Meland kommunestyre

Fra: Rådmannen v/sakshandsamarar Per Inge Olsen og Anny Bastesen

Dato: 14. des. 2015

Vedr: Vurdering av ulike nivå på tilknytingsavgifter for vatn og avlaup

I handsaming av sak FS-139/2015 Framlegg til satsar i 2016 for vass- og avlaupsavgifter i Formannskapet 2. des 2015 vart det frå formannskapet spurt om administrasjonen kunne sjå på kva effekt endringar i tilknytingsavgiftene for vatn og avlaup ville ha på årsavgiftene. Saka er fremja for kommunestyret med sak nr KS-135/2015. Formannskapet sitt framlegg i denne saka er:

«Kommunestyret godkjenner at årsavgifta for vatn vert auka frå kr 3290,- til kr 3594,- eks mva for normalabonnement, med tilsvarende prosentvis endring for andre abonnementstypar. Årsavgifta for avlaup vert auka frå kr 1980,- til kr 2958,- eks mva for normalabonnement, med tilsvarende prosentvis endring for andre abonnementstypar. Formannskapet ber kommunestyret vurdere om tilknytingsavgifta framleis skal vere kr 10 000,- eks mva per tilknytning. Administrasjonen blir beden om å utarbeide oversikt over evt. avgiftsauke ved nye investeringar i vatn og avlaup.»

Vass- og avløpsgebyra vert regulert gjennom eigne sjølvkostrekneskap, der alle utgifter inkl. kapitalkostnader frå investeringar skal dekkast gjennom avgifter og gebyr til brukarane. Først vert tilknytingsavgiftene berekna og deretter må det resterende inntektsbehovet dekkast gjennom årlege gebyr. Ein auke i tilknytingsavgifter og eventuelt i talet på tilknytningar vil difor legge grunnlag for reduksjon i årsgebyra, og motsett. Kommunen har ein reknearkmodell som vert brukt til å budsjettere og etterkalkulere sjølvkostrekneskapa. Gjennom denne kan ein og simulere effekten på årsgebyra av ulike nivå på tilknytingsavgiftene.

Investeringsnivået i 2016 vil ikkje ha påverknad på gebyrnivået i 2016. Dette vert fastsett som eit resultat av investeringsprosjekt som er ferdige i 2015, av talet på tilknytningar i 2016 og tilknytingsavgiftene for 2016. I dette notatet viser vi kva som er effekten på årsgebyra av ulike nivå på tilknytingsavgifta for 2016 og av endringar i talet på årlege tilknytningar.

I investeringsframlegget for 2016 er det for vassverk- og avlaupsanlegg for ein stor del midlar til ferdiggjering av prosjekt som er starta opp eller i ferd med å verte starta opp, og som administrasjonen meiner det er vanskeleg å skyve på. I tillegg er det med prosjekteringsutgifter til nokre større nye prosjekt, som nytt vassbehandlingsanlegg Hestdal. Det vil ikkje vere aktuelt med oppstart av desse nye prosjekta før etter rulleringa av økonomiplanen til våren. Administrasjonen vil saman med økonomiplanen legge fram detaljerte analyser av effekten på avgiftene som følgje av investeringsnivået.

I saksutgreiinga i sak KS-135/2015 Vass- og avlaupsavgifter for 2016 går det fram at kommunen per 31.12.2015 har 2.803 normalabonnentar på vatn og 1.545 på avlaup. Som grunnlag for berekning av gebyrnivået for 2016 er det lagt til grunn 50 nye tilknytningar i 2016 mot ei forventning om 50 i 2015. På avlaup er det lagt til grunn 102 nye i 2015 og 40 i 2016. Forventa nye tilknytningar er såleis noko lågare

for 2015 og i utrekninga for 2016 enn kva som har vore tilfellet i perioden 2012 – 2014. Administrasjonen ser at ein her kanskje har vore noko konservativ i sine anslag, og vil difor på nytt kunne vurdere eit høgare nivå på tilknytingar som grunnlag for avgiftsutrekningane, som i scenario 5 – 7 nedanfor.

Simulering er gjort ved å endre på tilknytingsavgiftene og talet på nye tilknytingar, og så rekne seg fram til alternative årlege gebyrbeløp.

Vi har brukt følgjande alternativ:

1. Basisscenario som i administrasjonen sitt framlegg til vedtak – Tilknytingsavgift på kr 15.000,-
2. Tilknytingsavgift på kr 10.000,- som formannskapet i vedtak i sak FS139/2015 bed kommunestyret om å vurdere å bruke.
3. Tilknytingsavgift på kr 30.000,-
4. Tilknytingsavgift på kr 50.000,-
5. Tilknytingsavgift på kr 15.000,-, 75 nye abonnentar per år
6. Tilknytingsavgift på kr 15.000,-, 100 abonnentar per år
7. Tilknytingsavgift på kr 30.000,-, 100 abonnentar per år

Følgjande tilknytingar per år er lagt inn i basisscenarioet:


Antall nye tilknytingar i året:	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2014 - 2019
Vassanlegg	111	59	50	68	69	71	317
Avlaup	70	102	40	50	60	80	332

I alle scenario baserer seg på investeringsnivået for perioden 2016-2019 som ligg til grunn i rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2016, som og er lik framlegget frå formannskapet. Som nemnd vil redusert investeringsnivå kunne redusere avgiftene, men då frå 2017.

Simulering gebyr ved ulike nivå på tilknytingsavgiftene:

I tabellen nedanfor viser vi kva som vert framtidig utvikling i kr-beløp for normalgebyret for dei 7 ulike scenario. Nummer 1 svarer til rådmannen sitt framlegg, og nr 2 er tilrådinga frå UDU og Formannskapet om å vurdere å halde tilknytingsavgifta slik ho er i dag på kr 10.000,-.


Simulering gebyr vatn	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Basisscenario - Årsgebyr v tilkn. på kr 15.000,-	4 114	3 290	3 584	3 859	4 314	5 600
Årsgebyr v tilkn. på kr 10.000,-	4 114	3 290	3 662	3 964	4 416	5 704
Årsgebyr v tilkn. på kr 30.000,-	4 114	3 290	3 351	3 549	4 005	5 289
Årsgebyr v tilkn. på kr 50.000,-	4 114	3 290	3 040	3 135	3 593	4 875
Årsgebyr v tilkn. på kr 15.000,-, 75 abon. per år	4 114	3 290	3 441	3 790	4 240	5 516
Årsgebyr v tilkn. på kr 15.000,-, 100 abon. per år	4 114	3 290	3 299	3 623	4 039	5 255
Årsgebyr v tilkn. på kr 30.000,-, 100 abon. per år	4 114	3 290	2 840	3 177	3 606	4 835



Auken er størst frå 2018 til 2019, og skuldast at nytt vassbehandlingsanlegg Hestdal vert belasta sjølvkostrekneskapen frå 2019. Frå 2020 reknar vi med at veksten flatar ut.


Tilsvarande analyse av forventa gebyrutvikling i kr innan avlaup med dei same scenario følgjer nedanfor.

Simulering gebyr avlaup	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Årsgebyr v tilkn. på kr 15.000,-	2 349	1 980	2 946	3 612	4 226	4 203
Årsgebyr v tilkn. på kr 10.000,-	2 349	1 980	3 053	3 743	4 377	4 398
Årsgebyr v tilkn. på kr 30.000,-	2 349	1 980	2 624	3 219	3 769	3 619
Årsgebyr v tilkn. på kr 50.000,-	2 349	1 980	2 195	2 697	3 161	2 839
Årsgebyr v tilkn. på kr 15.000,-, 75 abon. per år	2 349	1 980	2 615	3 312	3 960	4 101
Årsgebyr v tilkn. på kr 15.000,-, 100 abon. per år	2 349	1 980	2 387	3 045	3 644	3 747
Årsgebyr v tilkn. på kr 30.000,-, 100 abon. per år	2 349	1 980	1 606	2 303	2 936	3 071



Ser vi på den prosentvise auken i årsgebyr for vatn får vi følgjande tabell:

Simulering gebyr vatn	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Jamn årleg prisvekst på 3%	0 %	3 %	6 %	9 %	13 %	16 %
Basisscenario - Årsgebyr v tilkn. på kr 15.000,-	0 %	-20 %	-13 %	-6 %	5 %	36 %
Årsgebyr v tilkn. på kr 10.000,-	0 %	-20 %	-11 %	-4 %	7 %	39 %
Årsgebyr v tilkn. på kr 30.000,-	0 %	-20 %	-19 %	-14 %	-3 %	29 %
Årsgebyr v tilkn. på kr 50.000,-	0 %	-20 %	-26 %	-24 %	-13 %	18 %
Årsgebyr v tilkn. på kr 15.000,-, 75 abon. per år	0 %	-20 %	-16 %	-8 %	3 %	34 %
Årsgebyr v tilkn. på kr 15.000,-, 100 abon. per år	0 %	-20 %	-20 %	-12 %	-2 %	28 %
Årsgebyr v tilkn. på kr 30.000,-, 100 abon. per år	0 %	-20 %	-31 %	-23 %	-12 %	18 %




Her har vi til samanlikning lagt inn ein jamn prisvekst på 3% som svarar til den løns- og prisveksten vi har hatt dei seinare åra. Frå 2014 til 2019 vil vi då i sum ha ein «normalvekst» på 16%. Vi ser at basisalternativet gjev ein samanliknbar vekst på 39% i perioden, medan auka tilknytingsavgifter vil redusere avgiftsauken monaleg.

Kr 30.000,- i tilknytingsavgift og ein forventning om at talet på årlege tilknytingar vert 100 stk, vil gje ein vekst på 18% i perioden, som berre er 2% over forventa løns- og prisvekst.

Nedanfor er analyse av den prosentvise veksten for avlaup.

Simulering gebyr avlaup	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Jamn årleg prisvekst på 3%	0 %	3 %	6 %	9 %	13 %	16 %
Basisscenario - Årsgebyr v tilkn. på kr 15.000,-	0 %	-16 %	25 %	54 %	80 %	79 %
Årsgebyr v tilkn. på kr 10.000,-	0 %	-16 %	30 %	59 %	86 %	87 %
Årsgebyr v tilkn. på kr 30.000,-	0 %	-16 %	12 %	37 %	60 %	54 %
Årsgebyr v tilkn. på kr 50.000,-	0 %	-16 %	-7 %	15 %	35 %	21 %
Årsgebyr v tilkn. på kr 15.000,-, 75 abon. per år	0 %	-16 %	11 %	41 %	69 %	75 %
Årsgebyr v tilkn. på kr 15.000,-, 100 abon. per år	0 %	-16 %	2 %	30 %	55 %	60 %
Årsgebyr v tilkn. på kr 30.000,-, 100 abon. per år	0 %	-16 %	-32 %	-2 %	25 %	31 %




Meland kommune ligg i 2015 relativt lågt når det gjeld gebyr på avlaup, og endringar i tilknytingsavgiftene vil difor påverke det årlege gebyret relativt meir enn innanfor vatn. Sjølv om investeringsnivået planlagt i økonomiplanen innan avløp er under halvparten av investeringsnivået innan vatn, vert likevel den prosentvise veksten størst innan avlaup som følgje av eit lågt utgangspunkt.

Vi ser at auke av tilknytingsavgifta til kr 30.000,- og auke i talet på årlege tilknytningar til 100 per år vil redusere veksten i avgifter i perioden frå 79% i basisscenarioet til 31%.

Kostra-samanlikning av nivå på årsgebyra for vatn og avlaup i 2015

Kostra-databasen inneheld statistikk for gebyrnivå på alle sjølvkostområda. Vi har i denne analysen vist årsgebyr og tilknytingsavgifter for vatn og avlaup. I utgangspunktet skal kommunane rapportere for eit normalhushald på 120 m2.


Samanlikning av avgiftsnivået i Meland med kommunane i Hordaland, med Kostragruppe 8 og landsgjennomsnittet viser at Meland kommune har eit relativt lågt avgiftsnivå med sum kr 5.270,- ekskl. mva for vatn og avlaup. Det er særleg på avlaup vi ligg lågt.




Årsgebyr ekskl. mva 2015	Vatn	Avlaup	Sum
1238 Kvam	3 014	-	3 014
1223 Tysnes	-	3 225	3 225
1232 Eidfjord	2 066	2 066	4 132
1233 Ulvik	2 446	1 686	4 132
1201 Bergen	1 917	2 491	4 408
1252 Modalen	1 968	2 741	4 709
1216 Sveio	2 456	2 520	4 976
1251 Vaksdal	2 778	2 402	5 180
1256 Meland	3 290	1 980	5 270
1253 Osterøy	3 875	1 485	5 360
1222 Fitjar	2 423	3 196	5 619
1263 Lindås	2 576	3 450	6 026
1260 Radøy	3 136	3 166	6 302
1265 Fedje	3 730	2 899	6 629
1264 Austrheim	3 794	2 928	6 722
1235 Voss	3 014	4 085	7 099
1221 Stord	3 583	3 739	7 322
1228 Odda	3 435	4 054	7 489

Årsgebyr ekskl. mva 2015	Vatn	Avlaup	Sum
1224 Kvinnherad	3 900	3 660	7 560
1246 Fjell	3 626	4 122	7 748
1211 Etne	5 886	1 884	7 770
1243 Os (Hord.)	3 698	4 222	7 920
1266 Masfjorden	5 000	2 940	7 940
1227 Jondal	4 550	3 433	7 983
1247 Askøy	4 034	3 985	8 019
1219 Bømlo	2 930	5 160	8 090
1259 Øygarden	3 800	5 000	8 800
1244 Austevoll	4 968	3 984	8 952
1245 Sund	4 950	4 100	9 050
1231 Ullensvang	5 206	3 890	9 096
1241 Fusa	5 047	4 260	9 307
1242 Samnanger	7 210	2 430	9 640
1234 Granvin	7 257	3 353	10 610
EKA12 Hordaland	3 777	3 168	6 945
EKG08 Kostragr. 08	2 713	3 419	6 132
EAKUO Landet uten Oslo	3 317	3 654	6 971


Ser vi på årsgebyret for avlaup åleine får vi følgjande graf, som viser at Meland kommune er fjerde rimelegaste kommune på avlaupsgebyr for 2015 i Hordaland.




Når det gjeld vass-gebyret ligg Meland kommune i 2015 så vidt under gjennomsnittet for Hordaland, som i grafen under.



Kostra-samanlikning av nivå på tilknytingsavgifter for vatn og avlaup i 2015



For tilknytingsavgiftene er det ikkje statistikk for gjennomsnittstal for landet totalt, Hordaland eller Kostragruppene. Det er og mange kommunar som har denne avgifta oppdelt etter storleik på eigedommane, og desse står i grafen over med kr 0. Av kommunane som har rapportert, ligg Meland som den åttande lågaste i Hordaland fylke med kr 10.000,- ekskl. mva. Lågast er Bergen og høgast er Os kommune.



Dei fleste kommunane har lik tilknytingsavgift for vatn og avlaup, som i Meland kommune. Kommunen kjem såleis også når det gjeld tilknytingsavgift for avlaup i 2015 ut som den med åttande lågaste avgift i Hordaland av samanliknbare kommunar.

Sjå totaloversyn over tilknytingsavgiftene i tabellen nedanfor. Merk at det er ulik definisjon av kva som er låge og høge satsar.

Tilknytingsavgift 2015 - Hordaland

	Vatn	Vatn - låg	Vatn - høg	Avlaup	Avlaup - høg	Avlaup - låg
1201 Bergen	3 240	-	-	3 240	-	-
1211 Etne	14 771	-	-	14 432	-	-
1216 Sveio	-	10 000	20 000	-	10 000	20 000
1219 Bømlo	-	10 340	16 250	-	11 660	18 330
1221 Stord	15 000	-	-	15 000	-	-
1222 Fitjar	8 000	-	-	9 000	-	-
1223 Tysnes	-	-	-	10 000	-	-
1224 Kvinnherad	16 000	-	-	16 000	-	-
1227 Jondal	26 310	-	-	19 786	-	-
1228 Odda	-	6 000	102 700	-	6 000	135 600
1231 Ullensvang	20 260	-	-	11 860	-	-
1232 Eidfjord	13 636	-	-	13 636	-	-
1233 Ulvik	16 800	-	-	16 800	-	-
1234 Granvin	18 296	-	-	18 296	-	-
1235 Voss	5 000	-	-	5 000	-	-
1238 Kvam	10 420	-	-	10 420	-	-
1241 Fusa	9 493	-	-	14 869	-	-
1242 Samnanger	11 615	-	-	10 851	-	-
1243 Os (Hord.)	37 000	-	-	42 200	-	-
1244 Austevoll	19 096	-	-	24 960	-	-
1245 Sund	20 300	-	-	20 300	-	-
1246 Fjell	8 640	-	-	8 640	-	-
1247 Askøy	12 000	-	-	12 000	-	-
1251 Vaksdal	12 500	-	-	12 500	-	-
1252 Modalen	3 773	-	-	2 693	-	-
1253 Osterøy	13 000	-	-	13 000	-	-
1256 Meland	10 000	-	-	10 000	-	-
1259 Øygarden	20 000	-	-	22 000	-	-
1260 Radøy	14 700	-	-	15 900	-	-
1263 Lindås	-	8 440	12 660	-	10 386	15 579
1264 Austrheim	19 552	-	-	19 552	-	-
1265 Fedje	9 261	-	-	9 702	-	-
1266 Masfjorden	17 000	-	-	21 000	-	-